

Gode kollegar!

Siste frå PKO med ynskje om ei god Jul og eit Godt Nyttår!



Informasjon frå taktisk samhandlingsgruppe til kommunane desember 2021

Samhandlingsgruppa skriv i eit felles notat som nyleg er sendt ut: "Vi har no stått samla, kommunane og Helse Førde, gjennom 2 år med pandemi. Den aktuelle situasjonen med aukande smitte av fleire agens, høgt sjukefråvær og nye fråværsreglar medfører behov for tiltak, og vi syner til lenke "Mellombels delavtale om samarbeid ved større smitteutbrot mellom Helse Førde og kommunane" som vi har vore samde om gjennomgåande i heile pandemien. Målet med informasjonsskrivet er å sikre effektiv, nyttig og forsvarleg helsehjelp til våre pasientar. Ein ber om at denne informasjonen vert distribuert til alle legevakter og vakthavande legar i området. Fortløpande informasjon frå Taktisk samhandlingsgruppe er lenka.

Informasjonsskrivet er tredelt:

- Del ein inneheld informasjon om korleis Helse Førde har planlagt for mottak av mistenkte koronapasientar til innlegging.
- Del to inneheld informasjon om gjeldande kriterium for utskrivning når koronaepidemien aukar på.
- Del tre inneheld informasjon frå mikrobiologisk avdeling. "

[Informasjon frå taktisk samhandlingsgruppe til kommunane desember-21.pdf](#)

Dialogmeldingar

Fleire avdelingar i Helse Førde slit for tida med å svare ut dialogmeldingar fortløpande. Ver obs på at ting som haster må ringast på, evt sendast tilvising. Den

enkelte som sender dialogmelding må sjølv holde greie på det som er sendt ut slik at ein kan etterspørre evt manglande svar. Nokon vil også få tilbakemeldingar på at problemstillingane som er reist er for omfattande til å svarast ut i dialogmelding. Minner om at dialogmeldingar i hovudsak kan sendast på pasientar som har vore tilvist og der ein samhandlar om oppfylginga. Nokon avdelingar svarer ut spørsmål på pasientar som ikkje er tilvist, men det er som ekstra service og ein kan ikkje forvente å få svar på slike dialogmeldingar. Minner også om at all info som er lagt ut i dialogmeldingar kan lesast av pasienten på Helse Norge.

Stor pågang av tilvisingar til barne- og ungdomspsykiatrien (PBU)

Toril Taklo, avdelingsjef for PBU har sendt info til PKO der ho ma skriv: "Som de er kjende med har pågangen av tilvisingar av pasientar til psykisk helsevern for barn og unge (PBU) vore høg ei god stund. Samstundes har vi hatt dårleg gjennomstrøyming då dei pasientane vi alt har hatt inne har fått det vanskelegare under pandemien. Dette har gjort at vi ikkje har avslutta så mange saker som vi vanlegvis gjer. Vi har fått ekstramidlar for å tilsetje meir folk, men har hatt utfordringar med å rekruttere. Dette gjeld særleg i Førde. Presset på tenestene har vore stort over tid, og såleis og på dei tilsette. Dette gjer at vi ikkje klarar å sette opp fyrste time innan fristen til nye pasientar, rett og slett fordi vi ikkje har terapeutar som kan ta inn nye saker. Vi går difor mot fristbrot i fleire saker, både i Førde og Nordfjord, Sogn har ein meir overkomeleg situasjon."

[Stor pågang av tilvisingar til PBU.pdf](#)

Tidleg UL i året 2021/22 i Helse Førde. Fødande >35 år kan takast imot i Førde frå januar 2022.

Trude Hansen Folkestad Avdelingsjef/overlege ved Kvinneklínkeni Helse Førde har sendt epost til PKO med oppdatering vedr tildgeg ultralyd. Ho skriv ma:

"På bakgrunn av stortingsvedtaket (prop. 34 L. (2019-2020) Endringer i bioteknologiloven mv.) er det eit pågåande arbeid med korleis vi skal innføre tidleg

ultralyd i helseføretaka. Dette er eit stort arbeid, der alle avdelingane som har gjort rutineultralyd skal kunne tilby tidleg ultralyd til alle gravide.

Det er skissert ei gradvis innføring, som er avhengig av at helseføretaka får på plass naudsynt kompetanse. I Helse Førde er 3 legar og 2 jordmødre under utdanning for å kunne gi kvinnene dette tilbudet. Det er bestemt at vi skal som fase 1 ta imot alle kvinner > 35 år eller som har krav til fosterdiagnostikk til tidleg UL og NIPT test frå 15/10-21. Vi kan i Helse Førde ta imot kvinner >35 år frå januar 2022. "

[Tidleg ultralyd 2021-2022.pdf](#)

Pasientinformasjon med video på Helse Førde sine nettsider

<https://helse-forde.no/behandlinger/graviditet-tidleg-ultralyd-med-nakke-translusensmaling>

Ortopedikurset

Minner igjen om ortopedikurset i mars/april 2022 To halve dager som webinar og ein dag fysisk på Eid, Førde og Lærdal på ulike dager. Kurset er no godkjent som emnekurs for allmennlegar med 15 timar. Ligg også på legeföreninga sin kursportal. Enno få påmeldte men vi forventar stor interesse og aktiv påmelding no framover.

<https://www.legeföreningen.no/kurs/2021/12/34692/#tab1>

[Emnekurs i ortopedi for allmennlegar - Helse Førde-området.pdf \(helse-forde.no\)](#)

Pakkeforløp kreft

Helse Førde har laga ei ny og oppdatert nettside om pakkeforløp kreft. Viktig og nyttig info til allmennlegane. Bla står det om forløpskoordinatorane, deira rolle og korleis få kontakt med dei.

"Eit viktig tiltak er forløpskoordinatorar ved føretaket som utgreier og behandlar kreft. Forløpskoordinatoren kan bli kontakta av både pasient og fastlegar. Ein forløpskoordinator har ansvar for å koordinere pakkeforløpet, med timar og anna - i tillegg til å vere sjukehuset sin kontaktperson mot pasient og fastlege.

Telefonnummera står oppført under kvart pakkeforløp, men dersom det ikkje er svar, kan ein ringe ein av dei andre forløpskoordinatorane. Telefontid frå 08.00-15.00. Forløpskoordinatorane vikarierer for kvarandre i feriar, slik at det alltid er nokon tilgjengelege"

<https://helse-forde.no/behandlinger/pakkeforlop-for-kreft>

Samarbeidsmøte mellom PKO og radiologisk avdeling

Den 09.12.21 vart det arrangert halvårleg møte mellom radiologisk avdeling i Helse Førde og PKO. Møtet tok for seg mange praktiske tema i samhandlinga mellom helseforetaket og allmennlegane. Av tema som blei drøfta var presentasjon av saker frå pasient-tryggleiks-utvalget, aktivitet og ventetider, svartider, diverse info, VeRaVest og eigne saker frå PKO - jfr vedlegg.

[08.12.21 Samarbeidsmøte radiologi PKO.pdf](#)

Samarbeidsmøte mellom PKO og Barne- og ungdomsavdelinga (BUA)

16.12 vart det arrangert eit samarbeidsmøte mellom PKO og BUA. Blant sakene som var oppe var tilvisingar rundt enurese - og obstipasjonsproblematikk, viktighet av å få med historikk på høgde-vektutvikling, samarbeid omkring dårleg regulerte diabetesbarn/ungdom, avansert heimesjukehus og Prosjekt Ungdomsmedisin i Helse Førde.

[Samarbeidsmøte mellom BUA og PKO_161221.pdf](#)

Diverse lokal informasjon om Covid-19 på samhandlingssidene
- bl.a. referat frå møter i Taktisk samhandlingsgruppe – nyttig samhandlingsinfo til allmennlegar om Covid 19 handtering i Helse Førde området.

<https://samhandling-sfj.no/status-og-informasjon-om-samhandling-rundt-covid-19/>

Les meir på

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Arkiv «Nytt frå PKO»

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Med helsing

Jan Ove Tryti, Anita Sørheim, Normund Svoen

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

www.helse-forde.no

